

HANDLINGSPLAN 2019

Organisasjon og styring

Fullføre arbeidet med å bli sertifiserst til Kvalitetsklubb nivå 1. Det betyr at vi skal sende søknad om sertifisering innan 2019. Sportsplan og klubbhandbok skal tas i bruk så snart dei er klare og godkjent av klubben.

Sportsplanen skal vera styrande for aktiviteten i klubben. Alle i klubben skal kjenne til og bruke denne.

Sportsleg utval skal ha ei tydeleg rolle som sportsfaglig arena. Å følgje opp sportsplanen inn mot aktiviteten i klubben ligg innanfor sportsleg utval sitt mandat.

Alle aktive i fotballgruppa skal betale deltakaravgift og løyse medlemskap i IL Skarphedin.

Samarbeide med trenarstudiet/fagmiljøet på Universitetet i Sørøst-Norge i tråd med samarbeidsavtale.

Sportslege mål

Sikre kvalitet i treningsarbeidet i alle alderstrinn i klubben. Vi skal ha særleg fokus på barnefotballen.

Sende våre foreldretrenarar på trenarkurs slik at alle treningsgrupper i barnefotballen har minimum ein trenar med minst delkurs I av NFF Grasotttrenaren.

Alle treningsgrupper/årskull i barnefotballen skal ha treningsutviklar som følger opp treningsarbeidet.

Vi skal ha fokus på treningskultur og spelarutvikling. I ungdomsfotballen skal vi har spelarutviklar både for jenter og gutar.

Anlegg

Lag ein drifts- og vedlikehaldsplan for Telemarkshallen, med oppgåver og ansvar. Arbeidet med å skifte ut endestykket av utvendige dragarar skal gjennomførast i 2019 og 2020.

Kalkulere bytte av lysarmatur i Telemarkshallen med LED-armatur. Planen skal innehalde kostnader, innkjøp og montering, og finansiering.

Arbeide vidare ovanfor Bø kommune for å betre trafikksikkerheten ved Sandvin/Sandvoll, inklusiv oppgradering og asfaltering av parkeringsarealet.

Bygge 5 stk 3mot3-banar på Sandvoll.

Økonomi

Støtte oppunder Sommarland Cup. Den er berebjelken i vår økonomi.

Skarphedin Telenor FFO skal gå i balanse ila 2019.

Få ut deltakaravgifta ila vårsesongen.

Vi skal ha god kostnadskontroll. Det skal ikkje settast i gang tiltak som ikkje har budsjettdekning.